




## TEXASVINYL FRÅ MIDNIGHT CHOIR

*The Loma Ranch Sessions* er tittelen på albumet som inneheld debutplata til Midnight Choir frå 1995 og eit bonusalbum med ti spor frå same tidsperiode, der berre ein låt er utgjeven tidlegare. LP-en kjem ut i dag. CD-en kjem først i slutten av månaden. Med på laget til Texas var trommeslagar Tore Wildauer i tillegg til bandmedlemene Paal Flaata, Atle Byström og Ron Olsen.



David Pajo alias Papa M.

## TRAGEDIAR


Så er det å håpe at Pajo, som har vore gjennom fleire tragediar dei siste åra, no kan finne ro i livet sitt. Etter at han i fjor la ut eit bittert avskilingsbrev til eks-kona på bloggen sin for så å prøve å ta livet sitt, måtte dei næraste rundt han hjelpe han med å finne tilbake til glede over å vere i livet. I enda seinare tid har han vore lenkja til rullestolen, etter at han hamna i ei ulukke med motorsykke-

len sin i den galne Los Angeles-trafikken. Difor løftar eg stiftens nok ein gong og slepper han ned i rillene før mystiske «Adore, A Jar», og sender nokre gode ønske David Pajos veg. Det var godt å høyre nye songar frå Papa M.

## ØVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.

## Arkivet: American Honey



Då eg for ei tid sidan kom meg på kino og fekk sett Andrea Arnolds strålende road movie av året, *American Honey*, som vart heidra med juryprisen i Cannes, vart det akkurat den flotte filmopplevinga eg hadde håpa på, med strålende rolletoingar av Sasha Lane (Star) og Shia LaBeouf (Jake) og flott fotografi ved Robbie Ryan.

Og så var det musikken. Fleire av nøkkelscenene er utstyrt med uhyre velvalde musikkval,

og då særleg den der Jake og Star durar langs vegen til Mazzy Stars slitesterke «Fade Into You».

Snarare enn å utsmykke *American Honey* spelar musikken ei sentral rolle når det gjeld å vise oss figurane og den verda dei lever i. Sjå berre korleis filmen vender tilbake til «We Found Love» (Rihanna og Calvin Harris) med stadig nye implikasjonar. Favorittscena mi er kanskje likevel bilscena gjennom neonopplyste gater som får følgje av The Raveonettes' «Recharge & Revolt».

ØVIND VÅGNES

## KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND [sjurhabring@gmail.com](mailto:sjurhabring@gmail.com)

## Romantiske raptusar

Schumann går rett på sak i den fyrste fiolinsonaten sin.

## CD



ROBERT SCHUMANN:

Violin Sonatas

Op. 105 &amp; Op. 121

ARVID ENNEGÅRD, FIOLIN; NILS ANDERS MORTENSEN, KLAVER. LAWO 2016

Om det var bipolar lidning, schizofreni eller syfilis som skilpla den mentale helsa hans, er musikkvitarane usamde om. Men sikkert er det at Robert Schumanns kompositoriske *out-put* gjekk i rykk og napp – det veksla mellom lange periodar der han trødde kring i vonlyse og veldige kunstnarlege utbrot, slike Ludvig Holberg ville ha kalla «poetiske raptusar». Dei to sonatane som fiolinisten og dirigenten Arvid Engegård frå

Bodø og pianisten Nils Anders Mortensen frå Flekkefjord har spela inn, blei til dømes til i løpet av dei få dagane 12. og 16. september og 26. oktober og 2. november i 1851.

Men hastverksarbeid i den negative tydinga av ordet er det ikkje. Særleg vakker er fyrstesatsen i *Sonate nr. 1 i a-moll*, op. 105, som ber satstittelen «Mit leidenschaftlichem Ausdruck». Her spelar Engegård og Mortensen med suggererande sug. Stykket tek til på erkeromantisk vis i eit vellande *in medias res*, på den måten Mozart fyrst introduserte i «den store» g-moll-symfonien, som Schumann greip opp att i «den ufullenda» h-moll-symfonien, og som fekk sitt mest eklatante uttrykk i Mendelssohns melankolske e-moll-fiolinkonsert.

Noko av det finaste på plata er sistesatsen «Bewegt» i *Sonate nr. 2 i d-moll*, op. 121, som



Komponisten Robert Schumann (1810–1856) på ein daguerreotypi frå 1850. Foto: Wikimedia

duoen spelar med svart, litt aktaus humor.

## SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Musorgskij og Tsjajkovskij på nye måtar

## KONSERT

MUSORGSKIJ, TSJAJKOVSKIJ, MARTINÜ:

Tonedikt, klaverkonsert og symfoni

KIRILL GERSTEIN, KLAVER; GEWANDHAUSORCHESTER; DIR.: JAKUB HRŮŠA. GEWANDHAUS I LEIPZIG, TORS DAG 3. NOVEMBER

Russaren Modest Musorgskij, som makta å drikka seg i hel alt som 42-åring, hadde fryktelege fantasi. I tonediktet *Ei natt på Bloksberg* frå 1867 går handlinga frå vondt til verre, med kneggjande felar og uventa harmoniske overgangar. Det byrjar med sladder og kjefing frå hekser, så får me eit satansk opptog og ei heidskeleg herleggjering av Satan, før det heile endar i ein durabel hekse-sabbat.

Torsdag i førre veke høyrde



Modest Musorgskij (1839–1881) nokre veker før han drakk seg i hel. Målarstykkje av Ilja Repin, 1881. Foto: Wikimedia



Russiske Kirill Gerstein som klaversolist med Gewandhausorkesteret i Leipzig.

eg den beste Musorgskij-konsertframføringa eg har opplevd til no. Den unge tsjekkiske dirigenten Jakub Hruša fekk fram det ekstreme hjå det elles så velsedde Gewandhausorkesteret i Leipzig. Det var elles ikkje den vanlege versjonen av *Ei natt på Bloksberg* som blei spela, altså den «mildna» omorkestreringa som komponistkollegaen Nikolaj Rimskij-Korsakov står bak. Det var Musorgskij's *original* som stod på programmet, ein komposisjon som er ilskare enn Rimskij-Korsakov-versjonen, for kompositoriske overgangar mellom delane finst ikkje – dei står kvast mot kvarandre, noko dirigenten Hruša formidla med bråe byks på podiet.

Gewandhausorkesteret er eit av dei mest tradisjonsrike symfoniorkestra i verda og har opp

gjennom tida urframført kano-niske stykke som Beethovens femte klaverkonsert, Wagners *Meistersinger*-forspel, Brahms' tyske rekviem og Dvofáks cellokonsert. Det er det romantiske repertoaret som ligg orkesteret nærast, velorkestrert musikk som til dømes Pjotr Tsjajkovskij's (1840–1893) *Klaverkonsert nr. 1 i b-moll*. Også her var det ein uvanleg versjon som blei presentert: Tsjajkovskij's reviderte utgåve frå 1879, som klaversolisten Kirill Gerstein no har innretta som noteutgåve spela inn på plate for fyrste gong. Alt i dei bylgjande klaverakkordane i opningstaktene fekk Gerstein tydeleg fram ulikskapane mellom «sin» versjon og den tradisjonelle.

SJUR HAGA BRINGELAND